



Innovasjon Norge Rogaland  
Postboks 8034  
4068 STAVANGER

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 56 88 11  
E: postmottak@fmro.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Forvaltning av regionale BU-midler 2012

### *Generelle merknader*

Vi viser til rundskriv M-1 2012 (Midlar til bygdeutvikling 2012) frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) dagsett 20.2. 2012. Dei nasjonale føringane for landbruksbasert næringsverksemd støtter opp om dei fire overordna måla for norsk landbruks- og matpolitikk definert som *Matsikkerheit, Landbruk over heile landet, Auka verdiskaping og Berekraftig landbruk*.

Innovasjon Norge Rogaland skal forvalte BU-midlane til enkeltverksemd, medan Fylkesmannen forvaltar utviklings- og tilretteleggingsmidlane. Handsaminga av enkeltsøknadar skal vere i samsvar med "Forskrift om midlar til bygdeutvikling". I §1 Føremål seier forskrifta dette om bruken av dei bedriftsretta BU-midlane;

### *Fylkesvise bygdeutviklingsmidler kan gis;*

- som støtte til investeringar med mål om å opprettholde et variert landbruk gjennom å bidra til oppgraderinger og modernisering av driftsapparatet, eller
- til utvikling av alternativ næring med grunnlag i landbrukets ressurser.

Andre sentrale nasjonale føringar for landbruksbasert næringsutvikling finn vi m.a. i;

- ✓ Meld. St. 9 (2011 – 2012) Landbruks- og matpolitikken – Velkommen til bords.
- ✓ Landbruks- og matdepartementet (LMD) sin strategi for næringsutvikling 2007 – 2009, "Ta landet i bruk".
- ✓ LMD sin strategi for forskning og forskningsbasert innovasjon 2007 – 2012.
- ✓ LMD sin matpolitiske strategi 2008 – 2010, "Smaken av Norge".
- ✓ Prop. 1 S, for budsjettåret 2012
- ✓ Stortingsmelding nr 39 (2008 – 2009) *Klimautfordringene – landbruket en del av løsningen*
- ✓ LMD sin handlingsplan for økologisk produksjon og forbruk; "Økonomisk, agronomisk – økologisk!"
- ✓ Oppdragsbrev for 2012 frå LMD til Innovasjon Norge, av 13.2.2012.

Innovasjon Norge Rogaland er ein viktig operatør for oppfølging av nasjonal og regional landbrukspolitikk. Dei bedriftsretta BU-midlane skal nyttast slik at dei legg til rette for langsiktig og lønsam verdiskaping, samt busetting i heile fylket med utgangspunkt i landbruket sine ressursar generelt og landbrukseigedomen spesielt.

Oppgåvene for regionalt nivå er i rundskrivet formulert slik;

- ”i tråd med nasjonale rammer og med basis i regionale utfordringar og moglegheiter, arbeide for landbruksrelatert næringsutvikling i sin region
- støtte opp under bedrifter og næringsorganisasjonar sitt arbeid med planlegging, gjennomføring og oppfølging av næringsutviklingsarbeidet
- syte for at kommunesektoren vert trekt med og ansvarleggjort på ein føremålsteneleg måte, irekna koplingar mot andre sektorområde
- fremje forslag om nasjonale satsingar mot sentralt nivå”

#### *Tildeling av tilskot for 2012*

Innovasjon Norge Rogaland forvaltar dei bedriftsretta bygdeutviklingsmidlane i tråd BU-forskrifta og føringane gitt i dette tildelingsbrevet. Det skal arbeidast aktivt for å gjere ordningane kjende for alle i målgruppa. Det skal leggjast spesielt vekt på å nå fram med informasjon, slik at vi kan få ei positiv utvikling av landbruket og bygdene i heile Rogaland.

Innovasjon Norge Rogaland skal forvalte dei bedriftsretta BU-midlane slik;

- etablerarstipend
- tilskot til bedriftsutvikling
- tilskot til investeringar (inkl. tapsfond og rentestøtte)
- tilskot ved generasjonsskifte
- andre tiltak til enkeltverksemder

Det totale BU-tilskotet for Rogaland er for 2012 på 37,85 mill. kroner. Innovasjon Norge Rogaland sine rammer for tildeling av BU-midlar i 2012 er fastsette slik;

**Ramme for tilskot til enkeltverksemder 33,05 mill. kroner**

**Låneramme som grunnlag for rentestøtte til enkeltverksemder 67,40 mill. kroner**

Fylkesmannen i Rogaland vil då ha samla 4,8 mill kroner til sitt arbeid med utvikling og tilrettelegging.

#### *Konkrete føringar for Innovasjon Norge Rogaland*

*Regionalplan for landbruk i Rogaland*, vedteken i fylkestinget 7. juni 2011, er ein strategisk utviklingsplan for landbruket i Rogaland. Regionalplanen ertstattar tidligare *Strategi for landbruksbasert næringsutvikling i Rogaland*. Regionalplanen gir føringar for bruken av dei bedriftsretta BU-midlane. Føringane går også fram av *Handlingsprogram 2012 – 2013 for Regionalplan for næringsutvikling, Regionalplan for landbruk og Regionalplan for energi og klima*.

Overordna for dei prosjekt Innovasjon Norge Rogaland skal gi tilskot til er at tilskotta har stor effekt for økonomien i prosjekta og at kunden har tilstrekkeleg kompetanse og profesjonalitet. Større satsingar skal prioriterast framføre mange små enkeltprosjekt. Dersom kunden sine personlege eigenskapar og tidlegare oppnådde resultat tilseier nye lønsame investeringsprosjekt, skal dette vektleggast saman med sjølve vurderinga av lønsemda. Ved vurdering av enkeltprosjekt kan Innovasjon Norge Rogaland også legge til grunn totaløkonomien på gardsbruket, og i dette også det totale ressursgrunnlaget.

Innovasjon Norge Rogaland skal gi tilskot til utvikling av bygdenæringar slik at landbruket og bygdene får fleire bein å stå på. Her er det viktig å legge vekt på utnyttinga av alle ressursane på garden. I hovudsak gjeld dette bygdenæringar som er prioritert i nasjonale og regionale strategiar og meldingar. Innovasjon Norge Rogaland kan i 2012 nytte inntil 25 % av tilskotsmidlane og om lag 15 % av rentestøttemidlane til bygdenæringar.

Innan tradisjonelt landbruk er det sterkt fokus og investeringsvilje i Rogaland. Innan 2012 skal Innovasjon Norge Rogaland nytte minimum 75 % av tilskotsmidlane til det tradisjonelle landbruket i Rogaland. I Rogaland skal BU-midlane nyttast til å halde oppe fagmiljø og kompetanse i heile fylket. Av dei tradisjonelle produksjonane skal Innovasjon Norge Rogaland prioritere investeringsstøtte og rentestøtte til dei grovfôrbaserte produksjonane. Midlane skal nyttast på ein slik måte at dei bidrar til ein variert bruksstorleik og eit aktivt landbruk i heile Rogaland. Det er spesielt viktig at mjølkeproduksjonsvolumet i distrikta blir halde oppe. Ved planlegging av kufjøs (på-/ombygg eller nybygg) kan Innovasjon Norge Rogaland gi tilskot til sjølve planleggings- og utgreiingsarbeidet. Dette med mål om reduserte byggjekostnadar og optimal drift.

Distrikta skal prioriterast med bedriftsretta BU-midlar og 70 % skal nyttast utanom dei sentrale områda på Jæren. Hovudregelen er at Innovasjon Norge Rogaland skal gi maksimalt BU-tilskot for prioriterte investeringsprosjekt i distrikta. Når det gjeld det tradisjonelle landbruket på Jæren, skal investeringsmidlane nyttast på ein slik måte at landbruket samla får auka konkurransekraft, med særleg vekt på miljøutfordringane.

Beita utgjer kritiske innsatsfaktorar for landbruket i Rogaland. Investeringstilskot som legg til grunn auka bruk av beiteressursane skal prioriterast ved utmåling av tilskot.

Pilotordninga for julesatsinga i Rogaland er gått ut i si form. Innovasjon Norge Rogaland kan framleis gi investeringstilskot til nye produsentar. Vilkåra for ordninga går fram av revidert kriteriedokumentet av mars 2012.

Det er eit breitt ønskje i Rogaland om å få etablert ulike typar biogassanlegg (pilotanlegg) i fylket for å få lokal erfaring med ulike løysingar (jf. Handlingsprogrammet 2012 – 2013, Rogaland fylkeskommune). Hovudutfordringa så langt knyter seg til lønsemda. Erfaringane med forprosjekta viser at støtta frå dei statlege ordningane i dag ikkje er tilstrekkeleg for å kunne forsvare realisering av biogassanlegg. Vår oppmoding til Innovasjon Norge er at der ein har biogassprosjekt som svarer på det regionale ønskje om pilotanlegg, og kor prosjektet styrkjer og utviklar landbruket og veksthusnæringane i fylket, kan bedriftsretta BU-midlar nyttast dersom dette har utløysande effekt for realisering av prosjektet. Fortrinnsvis bør slik støtte gis til enkeltelement i prosjekta. Vi vil i denne samanheng også rå til prioritering av midlar til flisbasert bioenergi – jfr. *Strategi med handlingsplan for skogbasert bioenergi i Rogaland*.

Vi oppmodar Innovasjon Norge Rogaland om å revidere policy for bruken av BU-midlane i 2012, på bakgrunn av dette tildelingsbrevet og etter drøfting med Fylkesmannen i Rogaland. Policydokumentet skal i større grad konkretisere det som er gitt av nasjonale og regionale føringar. Dokumentet vil også kommunisere tydeligare prioriteringane av BU-midlane ovafor kundegruppene.

Innovasjon Norge forvaltar mange andre viktige og spanande verkemidlar landbruksnæringane sjeldan gjer seg nytte av. Til dømes er mange landbruksretta utviklingsprosjekt svært innovasjonsretta, fleire har ambisjonar på miljøteknologiområdet – og fleire bør også kunne sjå mon i hjelp frå forskings- og utviklingsmiljø. Vi oppmodar Innovasjon Norge Rogaland til å ha fokus på å informere landbruksbedriftene om heile breidda av støtteordningar.

*Søknadshandsaming, tilskottsutbetaling m.m.*

Innovasjon Norge Rogaland må handsame søknadane, gi tilsegn og utbetale i samsvar med "Forskrift om midlar til bygdeutvikling". Det må settast arbeidsfrist som viser kor lenge løyvinga gjeld for, normalt ikkje over 3 år. I brev frå Fylkesmannen vil det kvart år bli fastsett nye rammer for dei ulike tilskotsordningane. Midlar som ikkje er brukte av tidlegare rammer (løyvingsramma

minus utbetalningar og tilsegn) kjem i tillegg til årets tildelingsramme, med mindre noko anna er sagt i tildelingsbrevet.

### *Resultatkrav*

Innovasjon Norge Rogaland skal medverke til lønsam næringsutvikling i Rogaland med utgangspunkt i prioriterte satsingsområde om med fokus på dei føringane som ligg i *Regionalplan for landbruk i Rogaland*. Kriteria for måloppnåing er elles gitt av mål- og resultatstyringssystemet som er etablert for Innovasjon Norge.

### *Rapportering*

Det skal rapporterast kvart halvår til Fylkesmannen i Rogaland, innan 1.februar og 15.august. Rapporten skal vise bruken av midlane i høve til føringane gitt i dette tildelingsbrevet. Rapporteringa baserer seg på Innovasjon Norge sitt ordninare mål- og resultatstyringssystem. Rapporten skal i tillegg innehalde ei kortfatta, kvalitativ rapportering med utgangspunkt i innrapporterte resultat, og sett i høve til føringane. Anna rapportering og styringsdialogen elles følger samarbeidsavtalen mellom Fylkesmannen i Rogaland og Innovasjon Norge Rogaland. Dette for å sikre ei samordna forvaltning av BU-midlane i Rogaland.

### *Kontroll*

Innovasjon Norge Rogaland står for utbetaling av midlane til dei som mottek tilskot. Det skal først rekneskap der det til ei kvar tid går fram informasjon om tilskotsmottakarane, ansvar for løyvde midlar, avsetningar til tapsfond og utbetalningar under BU-ordninga. Det må vere etablert tilstrekkelege gode kontrollsystem og – rutinar, både internt hjå Innovasjon Norge Rogaland og ovanfor tilskotsmottakarane.

Ved sida av Innovasjon Norge kan LMD, Fylkesmannen i Rogaland og Riksrevisjonen gjennomføre kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadane. Fylkesmannen i Rogaland, eller andre som er peika ut av LMD, kan kontrollere at Innovasjon Norge Rogaland forvaltar ordninga slik det er fastsett i dette brevet.

### *Kalender*

1. Fylkesmannen skal innan 15. januar 2013 lage ein kortfatta kommentar til forbrukstal/utviklingstrekk i 2012 for utviklings- og tilretteleggingsmidlane, dersom desse avvik frå normalen. Denne blir sendt til Landbruks- og matdepartementet (LMD), med kopi til Innovasjon Norge.
2. Innovasjon Norge Rogaland skal innan 1. februar 2013 sende rapport om bruken av dei bedriftsretta BU-midlane i 2012 til Fylkesmannen i Rogaland. Rapporten skal omfatte vurdering av verkemiddelbruken i høve til føringane gitt i dette tildelingsbrevet.
3. Fylkesmannen i Rogaland skal innan 28. februar 2013 sende rapport over bruken av BU-midlane i 2012 til LMD, med kopi til Innovasjon Norge.
4. Innovasjon Norge Rogaland skal innan 15. august 2012 sende rapport til Fylkesmannen i Rogaland som viser bruken av bedriftsretta BU-midlar så langt i året. Denne midtvegsrapporteringa kan gjerast i ei noko forenkla form.

Landbruket i Rogaland står ovanfor store utfordringar. I vårt oljefyrte fylke kan det vise seg at den største utfordringa for landbruket blir rekruttering. Bøndene er føresetnaden for Matfylket Rogaland og det er viktig at vi framover i enda større grad fokuserer på dei som vil halde fram og dei som vil satse i næringa. Innovasjon Norge Rogaland, Rogaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Rogaland og faglaga utgjør ein kraftfull regional landbrukspartnerskap. Denne partnerskapen, saman med kommunane, næringshagane og utviklings- og vekstselskapa kan saman utgjøre ein skilnad for auka konkurransekraft for primærlandbruket og bygdenæringane. Vi vil understreka at Innovasjon Norge Rogaland er viktige i dette arbeidet.

Vi vil elles gi Innovasjon Norge Rogaland ros for god måloppnåing på landbruksområdet i 2011.

Med helsing

Hadle Nevøy  
landbruksdirektør

Anfinn Rosnes  
ass. landbruksdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Kopi til:  
Rogaland Bondelag  
Rogaland Bonde- og Småbrukarlag  
Landbruks- og matdepartementet      Postboks 8007 Dep    0030    Oslo  
Rogaland fylkeskommune

Saksbehandlar: Geir Skadberg  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 92  
E-post: geir.skadberg@fmro.no